



Uskedal/Rosendal G 15 har 21 spelarar jevnt fordelte på dei to bygdene.

Uskedal/Rosendal Gutar 15, består av 21 spelarar jamt fordelt mellom Uskedalen og Rosendal. Laget møter Skeid i den første kampen. Det var på Rustad. G 15 spelar godt og det blir ein jamn og tett kamp som vi diverre tapar på tampen 0-1. Kampen er og prega av det varme været.

Kamp nr 2 går på Valle Hovin mot Heddal, der vi opnar veldig nervøst og skapar veldig lite i første omgang. Laget går til pause med 0-1 mot oss. Gutane hevar seg betrakteleg i andre omgang og spela veldig bra fotball. På slutten av kampen utliknar vi til 1-1 ved Jon Bondhus, noko som vert slutt resultatet.

I kamp nr 3, møter vi Strindheim, og opnar svært godt. Laget dominerar starten av kampen og vi skorar 1-0 ved Mats Eidsvik og 2-0 ved Mathias Børve, før vi får ein utvisning og ting buttar litt i mot. Strindheim henta oss opp igjen og blir til slutt eit knepp betre enn oss. Uskedal/Rosendal spelar ein god kamp, men tapar til slutt 2-4.



G 15 i grøne drakter er samla og legg planen for ein ny kamp i Norway Cup.

Neste kamp er 1/16 finale i B-sluttspølet mot nr 4 i gruppe 1, og denne går på Ekeberg i morgon kl.14.45.

Tekst/foto: Endre Myklebust

Nett/Redigering: Kristian Bringedal